

ÅRSMØTE I ODDA MÅLLAG I UNGDOMSHALLEN SUNDAG 07.03.2021 KL. 18.00.

Der var 9 fram møtte.

Leiar i laget Knut O. Dale ynskte velkomen og opna møtet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga vart godkjent utan merknader. Det hadde vore to lysingar i Hardanger Folkeblad, og medlemmene hadde fått innkalling både i e-post og brev.

Saklista vart først godkjent utan merknader. Mot slutten av møtet kom det merknad om at sak 3 og 4 hadde fått feil årstal i innkallinga. Det var skrive 2010 i staden for 2020.

2. Val av ordstyrar, skrivar og protokollunderskrivarar.

Terje Kollbotn vart vald til ordstyrar, Jorid Ystanes til skrivar og Kjell Tokheim og Gudrun Eimstad som protokollunderskrivarar.

3. Godkjenning av årsmeldinga for 2020.

Medlemmene hadde fått denne tilsend saman med innkallinga. Knut O. Dale gjekk gjennom hovudpunkta, og den vart samrøystes godkjent utan merknader. Styret fekk applaus for godt arbeid.

4. Godkjenning av rekneskapen for 2020.

Håkon Tverdal las revisjonsmeldinga frå revisor Gerd K. Hereide, og han la fram rekneskapen. Den vart samrøystes godkjent utan merknader.

Solveig Grønlien gav Harry Solberg og dei som samarbeider med han om Odda i manns minne, takk og honnør. Inntekt frå salet av boka gir mellom anna viktig bidrag til dekking av utlegg til reiser og deltaking på ulike møte og kurs.

5. Val av styre.

Leiar i valnemnda Sigrid Espeland Lerbak las valnemnda sitt framlegg til nytt styre for 2021:

Knut O. Dale, leiar (tek attval for eitt år)

Harry Solberg (ikkje på val)

Harald Jordal (tek attval for to år)

Solveig Grønlien (ikkje på val)

Håkon Tverdal (tek attval for to år)

Varamedlemar:

1. Ingvild Jøsendal (tek attval for eitt år)

2. Marianne Bergstø Severinsen (vert vald for eitt år)

3. Sigrid Espeland Lerbak (vert vald for eitt år)

Terje Kollbotn leia valet, og alle vart samrøystes valde i samsvar med framlegget.

6. Val av valnemnd.

Knut O. Dale hadde dette framlegget: Tommy Tverdal, Sigrid Espeland Lerbak og Gudrun Eimstad. Alle vart samrøystes valde. Sigrid Espeland Lerbak vart vald til leiar av nemnda.

7. Val av revisor.

Dagmar Lien Isdal vart i samsvar med framlegg frå valnemnda, samrøystes vald til ny revisor.

8. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag.

Knut O. Dale informerte om at møtet skal føregå digitalt laurdag 20.03.21, og at Odda Mållag har rett til 4 utsendingar. Knut O. Dale, Harald Jordal, Håkon Tverdal og Ingvild Jøsendal vart samrøystes valde. Det same vart Sigrid Espeland Lerbak og Marianne Bergstø Severinsen som vara utsendingar.


9. Målprisen 2020.


Jorid Ystanes las opp styret sitt forslag om å gi den til Næringshagen i Ullensvang. Sjå vedlegg. Forslaget blei samrøystes vedtatt. Grunnlaget og vedtaket vert send til mottakarane Hardanger Folkeblad og Radio Folgefonn. Eit seminar til hausten om nynorsk i nærings-livet er under planlegging, og tanken er at utdelinga skal føregå der.

Møtet var slutt kl. 18.54.

Terje Kollbotn takka for frammøtet og godt samarbeid i møtet. Han fekk takk og applaus for god møteleiing.

Jorid Ystanes,
sign.


Kjell Tokheim,
protokollunderskrivar.


Gudrun Eimstad,
protokollunderskrivar.